

Saksbehandlar: Roger Kløvtveit, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 13/8019-3

## **Handlingsplan for internasjonalisering i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane, for perioden 2014 – 2017**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutval for opplæring vedtek handlingsplanen slik den ligg føre.
2. Tiltak i planen skal finansierast med eksterne midlar, fylkeskommunale bidrag skal vere innanfor den økonomiske ramma for budsjett og økonomiplanperioden 2014- 2017.

### Vedlegg:

1. Handlingsplan 2014 til 2017
2. Planføresetnader for internasjonalisering
3. Internasjonalisering i læreplanar
4. Oppsummering spørjeskjema 2000 til 2013
5. Høyringsuttale frå Opplæringskontoret OKOS
6. Høyringsuttale frå Opplæringskontoret PRO
7. Høyringsuttale frå Firda vgs
8. Høyringsuttale frå Mo og Jølster vgs
9. Høyringsuttale frå Stryn vgs
10. Høyringsuttale frå Øyrane vgs

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Den 15.10.2014 vedtok Fylkestinget ny internasjonal strategi for Sogn og Fjordane

I det endelege vedtaket står det i punkt 2:

«Ungdomssatsinga knytt til vidaregåande opplæring vert vidareført. Det skal arbeidast vidare med sikte på å kunne tilby Ungdom frå Sogn og Fjordane IB-plassar i samarbeid med UWC i Fjaler».

Punktet som gjeld IB plassar vil verte lagt fram i ei eiga sak for fylkestinget den 17 juni.

Intensjonen i strategien er å:

- Fremje Sogn og Fjordane sine interesser på internasjonale arenaer
- Gjennom internasjonalt arbeid bidra til å løyse felles utfordringar som er definert i overordna planar og strategiar for Sogn og Fjordane
- Gje ungdom internasjonal kompetanse, kulturforståing og erfaring

Ungdom og vidaregåande opplæring er peika ut som eige satsingsområde.

I strategien er det skrive «Arbeidet med internasjonalisering skal forankrast i dei ulike sektorplanar...» Handlingsplan for internasjonalisering i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane for perioden 2014 – 2017 er ein konsekvens av dette punktet.

Handlingsplanen inneheld følgande punkt:

Innleiing og føringar

Hovudmål

Status per 31.12.2013

Sentrale utfordringar  
Naudsynte tiltak for å møte utfordringane

Handlingsplanen har vore på høyring hjå alle vidaregåande skular og opplæringskontor, det var 6 attendemeldingar.